

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 27.07.2023
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHBEHANDLAR: Ann-Elin Djuvik Kro
SAKA GJELD: **Orientering om lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 30.05.2023 - 18.08.2023**

ARKIVSAK: 2023/82
STYRESAK: 077/23

STYREMØTE: 06.09. 2023

Administrerende direktør si orientering pkt. 2

Oversikt over aktuelle lover i perioden 30.05.2023 - 18.08.2023

Lov	Dato for kunngjering	Kva lover/lovendringa gjeld
Ingen nye saker		

Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringar i perioden 30.05.2023 - 18.08.2023

Forskrift	Dato for kunngjering	Kva saka gjeld
Forskrift om nasjonal retningslinje for jordmorutdanning FOR-2023-06-05-822	09.06.2023	Ny forskrift om nasjonal retningslinje for jordmorutdanning. Erstattar tidlegare forskrift frå 2005. Forskrift om nasjonal retningslinje for jordmorutdanning - Lovdata

<p>Endring av MSIS-forskrifta</p>	<p>16.06.2023</p>	<p>MSIS-forskrifta som regulerer meldingssystemet for smittsame sjukdommar blei i endringsforskrift frå 2020 endra til også å inkludera aktuelle reguleringar knytt til smitte av covid19.</p> <p>Med ny endringsforskrift blir dei tidlegare suppleringsane oppheva frå 1. juli 2024</p> <p>Forskrift om endring i forskrift 23. juni 2020 nr. 1287 om endringer i forskrift 20. juni 2003 nr. 740 om Meldingssystemet for smittsomme sykdommer (MSIS-forskriften) - Lovdata</p>
<p>Covid19-forskrifta</p>	<p>29.06.2023</p>	<p>Tidlegare reguleringar om kommunalt vaksinasjonstilbod og om koronasertifikat opphevast med endringsforskrift FOR-2023-06-29-1160.</p>
<p>Forskrift om betaling frå pasientar for poliklinisk helsehjelp i spesialisthelsetenesta</p>	<p>30.06.2023</p>	<p>Endringsforskrift justerer pasientanes eigenandel. Som betaling for poliklinisk helsehjelp kan pasienten krevjast for 386 kroner.</p> <p>For radiologisk undersøking, ultralydundersøking ved spesialavdeling, samt ved nukleærmedisinsk billedundersøking kan pasienten krevjast for 275 kroner.</p> <p>Om pasienten ikkje møter opp til avtala time, og let vera å melda frå tidlegare enn 24 timar føre timen, kan pasienten verta kravd for 1 544 kroner i fråværsgebyr.</p> <p>Om den avtala timen gjeld poliklinisk helsehjelp innan psykiatri eller rusbehandling, skal det ikkje krevjast høgare gebyr enn 386 kroner.</p>

<p>Forskrift om betaling frå pasientar for poliklinisk helsehjelp i spesialisthelsetenesta</p>	<p>30.06.2023</p>	<p>Forskrifta § 5 regulerer tilfelle der eigenandel likevel ikkje skal krevjast. Ny bokstav l. skal lyde: l. ved poliklinisk helsehjelp til pasientar som får behandling i Legemiddelassistert rehabilitering (LAR), når helsehjelpa gis i forbindelse med gjennomføring av LAR.</p>
<p>Forskrift om offentlege anskaffingar</p>	<p>04.08.2023</p>	<p>Endring i forskrift om offentlege anskaffingar og med verking frå 1. januar 2024, skjerpar regjeringa krava for å ivareta klima- og miljøomsyn ved offentlege anskaffingar.</p> <p>Endringa stiller krav til at det offentlege må legge betydeleg større vekt på klima- og miljøomsyn og der slike omsyn skal vektast med minimum tretti prosent i evalueringsprosessen.</p> <p>Som alternativ, så må grunngjevast, kan ein heller stille miljøkrav i kravspesifikasjonen dersom ei slik løysing gir betre klima- og miljøeffekt.</p> <p>Unntak frå dei nye krava knytt til miljø og klima gjeld dersom anskaffinga etter sin art har et klimaavtrykk og en miljøbelastning som er uvesentleg</p> <p>Lenke til artikkel om endringa på regjeringen.no: Nå skal klima og miljø vektas minst 30 % i offentlige anskaffelser - regjeringen.no</p>

Oversikt over andre myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 30.05.2023 - 18.08.2023

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Føretaksmøte i Helse Vest RHF	13.06.23	Det blei gjennomført føretaksmøte i Helse Vest RHF 13. juni 2023 for behandling av årleg melding 2022,

		godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2022 med vidare samt tilleggskrav for 2023. Protokollen frå føretaksmøte blir lagt fram i eiga sak.
Tilleggsdokument til Oppdragsdokumentet 2023	23.06.23	Tilleggsdokumentet blir lagt fram for styret i eiga sak.